



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref	Vår ref	Dato
2017/4934	17/3994-6	9. februar 2018

Overslag på ferjeavløysingsmidlar for Fjelbergsambandet

Vi viser til brevet dykkar av 9. september 2017, der de ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å rekne ut storleiken på årlege ferjeavløysingsmidlar for Fjelbergsambandet. Samferdselsdepartementet stadfesta i brev av 26. juni 2017 at Fjelbergsambandet vil kunne kome inn under ferjeavløysingsordninga.

Fjelbergsambandet skal avløyse strekningen Fjelberg–Sydnes. Hordaland fylkeskommune opplyste i e-post av 12. september 2017 at planen er å leggje ned heile sambandet.

Ferjeavløysingsordninga gjeld for fylkeskommunale ferjesamband som blir avløyst eller korta inn av eit fylkeskommunalt vegprosjekt (jf. punkt 3.1 i retningslinjene for ordninga).

Nedlegging av eit ferjesamband eller ein ferjestrekning, utan at den blir erstatta av ein ny veg, er ikkje omfatta av ordninga. I tilfelle der delar av eit ferjesamband blir avløyst av ein ny veg, mens det restarande sambandet blir lagt ned, vil det derfor ikkje bli gitt ferjeavløysingsmidlar for strekningen som blir lagt ned. Slike prosjekt blir i staden rekna som ei innkorting av ferjesambandet. Fjelbergsambandet vil derfor bli rekna som ei innkorting av ferjesambandet, uavhengig av om restsambandet Sydnes–Utbjøa blir lagt ned eller ikkje.

Vi viser elles til at intensjonen med ferjeavløysingsordninga er å leggje til rette for prosjekt som gir eit betre transporttilbod for innbyggjarar og næringsliv. I det planlagde Fjelbergsambandet vil ein stor del av trafikantane miste transporttilbodet heilt, eller få eit vesentleg dårlegare tilbod.

Utrekning av ferjeavløysingsmidlar

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir rekna ut på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av eit vegprosjekt. Tapet blir

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling

Saksbehandlar
Sissel Ferstad
22 24 67 06

rekna ut ved å sjå på nettoeffekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 og 5.2 i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga). Avløysing eller innkorting av eit ferjesamband vil gje ein lågare verdi på kriteriet "normerte ferjekostnader" i båt- og ferjenøkkelen, mens det nye vegnettet vil gje auka verdi på kriteria "fylkesvegfaktor drift og vedlikehald" og "veglengde". Ferjeavløysingsmidlane blir altså rekna ut som nettoeffekten i utgiftsutjamninga av desse endringane.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har rekna ut eit overslag på årlege ferjeavløysingsmidlar med utgangspunkt i inntektssystemet og kriteriedata for 2018. Utrekninga viser at Fjelbergsambandet kan utløyse om lag 2,7 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar viss det ligg føre ein endeleg søknad i løpet av inneverande år. Sjå vedlagt dokumentasjon for nærmere informasjon om prinsippa for utrekning av ferjeavløysingsmidlar og talgrunnlaget som er brukt i utrekninga.

Vi presiserer at dette berre er eit førebels overslag i samband med førehandsavklaringa av om prosjektet kjem inn under ordninga. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli rekna ut når fylkeskommunen har sendt endeleg søknad, og når Samferdselsdepartementet har tatt endeleg avgjerd i saka. Utrekninga kan endre seg om det skjer større vesentlege endringar i vegprosjektet. Eventuelle endringar i inntektssystemet og/eller kriteriedata kan også ha konsekvensar for utrekning av ferjeavløysingsmidlane. Endeleg utrekning kan derfor gje eit anna resultat.

Vi vil også minne om at fylkeskommunen i sum ikkje skal få meir i kompensasjon enn byggjekostnadene for vegprosjektet (jf. punkt 5.4 i retningslinjene). Renteutgiftene til eventuelle lån for å finansiere prosjektet blir ikkje dekte av ordninga. Dette inneber at samla utbetalning i nominelle kroner ikkje skal overstige dei nominelle byggjekostnadene. Meirverdiavgiftskompensasjonen og eit eventuelt finansieringsbidrag frå bompengar blir trekt frå byggjekostnadene ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget.

Vidare prosess

Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli rekna ut etter at fylkeskommunen har sendt endelige søknad (jf. punkt 4.3 til 4.5 i retningslinjene) og når Samferdselsdepartementet har handsama saka endeleg (jf. punkt 4.6 i retningslinjene).

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Sissel Ferstad
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Vedlegg

Dokumentasjon av utrekning av ferjeavløysingsmidlar for Fjelbergsambandet
Brev frå Statens vegvesen med MOTIV-tal for Fjelbergsambandet

Kopi

Samferdselsdepartementet